



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2323
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato
01.10.2013
Dykkar dato
07.06.2013

Vår referanse
2013/7850 561
Dykkar referanse
09/6477

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til bygging av Miljateig Skålnes kraftverk

Fylkesmannen rår ifrå utbygging av Miljateig Skålnes kraftverk, då det vil bidra til store, nye tap av inngrepsfri naturområde, inkludert villmarksområde. Vi legg til grunn at NVE vil gjere ei samla vurdering av utbyggingsomfanget langs Åkrafjorden, og spesielt vektleggje nasjonale og regionale verdiar i fjellområdet mellom Etne og Sauda.

Det er nødvendig å overvake førekomsten av kysttettmose for å ha betre kunnskap om arten vil tole redusert vassføring, jf. naturmangfaldlova § 9.

Innleiing og bakgrunn

Vi viser til konsesjonssøknad for bygging Miljateig Skålnes kraftverk på sørsida av Åkrafjorden i Etne. Saka er på høyring parallelt med Ripelselva kraftverk, då dei ligg få kilometer frå kvarande.

Fylkesmannen har fått utsett høyringsfrist.

I søknadene er det lista opp nærliggjande kraftverk langs fjorden, både ferdig utbygde og omsøkte, i alt 11 kraftverk. I tillegg kjem søknader om bygging av Håfoss og Rullestad-Skromme i seks ulike alternativ aust for Fjæra.

Fylkesmannen har tidlegare fremja motsegn mot bygging av Hetleflåt kraftverk og dei fire alternativ i Rullestad-Skromme- utbygginga som påverkar fjellområdet og det samanhengande naturområdet i Etne- og Saudafjella. Vi viser til våre fråsegner av 15. juni 2013, 2. mars 2013 for Hetleflåt, og 28. februar 2012 for Rullestad-Skromme.

Utbyggingsplanar

Utbygginga gjeld inngrep i to vassdrag, Miljateigelva og Skålneselva. Utbygginga har to hovudinntak og to overføringsinntak i det eine vassdraget.

Hovudinntak 1 ligg på kote 395 i Miljateigelva. Det skal byggjast veg opp til inntaket, ved å vidareføre eksisterande landbruksveg, som går til kote 230. Inntak 2 vert lagt i sidebekk på kote 450, og skal byggjast utan veg. Overføringa vil skje ved tunnel.

Overføring frå Skålneselva skjer frå kote 680 ved å byggje eit overføringsinntak 4. Det er planlagt å feste røyrret i fjellet på sida av Skålnesjuvet, og la det følgje ei hylle fram til lia langs Fjellbekken som renn ned mot Miljateigselva. På kote 440 vert det bygd ein kanal eller eit røyr (inntak 3) som fører vatnet over i hovudvassdraget og ned mot kraftstasjonen.

Det ligg ved eit detaljkart i søknaden som skal illustrerer inngrepa. Kartet har dårleg kvalitet og er svært vanskeleg å lese. Inngrepa er ikkje visualisert.

Konsekvensar for biologisk mangfald og INON

Etter Fylkesmannens oppfatning er biologisk mangfald nok utgreidd, og § 8 i naturmangfaldlova er oppfylt. To bekkekløfter blir omfatta av tiltaket. Begge er kartfesta i samband med utgreinga. Miljateigselva blir vurdert til middels verdi (B), grunna ein artsrik moseflora knytt til fuktige miljø, men det er ikkje funne sjeldne og/eller raudlista artar i kløfta. Konflikt naturtypen er sett til *middels negativ* for registrerte bekkekløfter i både Miljateig- og Skålneselva.

Skålneselva er mindre artsrik, men her er den svært sjeldne og raudlista (VU – sårbar i 2010-lista) kysttettemose funnen på fuktig berg nedanfor ein foss. Arten er kjent frå berre fire lokalitetar i Noreg, tre i Hordaland, og må reknast som sjeldan. I Skålneselva er arten funnen så langt nede ved fjorden at den er sikra ei viss vassføring frå restfelt, overløp og krav om minstevassføring. I følgje konsulentrapporten er det likevel usikkert om arten vil tåle utbygginga. Konfliktgraden er sett til *middels negativ*.

Utbygging av Miljateig Skålnes vil føre til eit vesentleg nytt tap av inngrepsfri natur, inkludert villmarksområde på 7,9 km², avhengig av om ein reknar inn bortfall av område frå dei andre kraftverka i området. Miljateig/Skålnes-prosjektet vil åleine føre til tap av 32 prosent av dagens villmarksområde. I søknaden er konsekvensane sett til *stort negativ*, då det vil reduserer eit av dei få attverande villmarksprega områda utanom verneområde i Hordaland med om lag ein tredel.

Fylkesmannens vurdering

Belastning på bekkekløfter og naturtypar tilseier at ein må vise varsemd med full utbygging av alle omsøkte vassdrag i området langs Åkrafjorden. Når det gjeld Miljateig Skålnes er det usikkerheit knytt til verknad på kysttettemose. Fylkesmannen meiner det er nødvendig å overvake arten før ein gjer eventuell vedtak om utbygging, jf. § 9 i naturmangfaldlova.

Vidare meiner Fylkesmannen at omsøkte utbygging fører til uakseptabelt stort inngrep i inngrepsfri natur, sett i lys av nasjonale og regionale mål for å ta vare på og hindre vidare oppsplitting av slike område. Vi viser til dei nasjonale retningslinjer for små kraftverk, fastsett i Olje- og energidepartementet si rettleiar. Desse er utdjupa i *Fylkesdelplan for småkraftverk for Hordaland*, som nyleg er slutthandsama i Miljøverndepartementet. Som det går fram av departementet sitt brev skal dei nasjonale retningslinjene vere førande for vedtak i dei konkrete utbyggingssakene.

Konfliktvurderingane som framgår av søknadene er gjort isolert for kvar einskild utbygging i regionen. Desse blir difor undervurdert, om ein ser på samla belastning på fjellområdet.

Fylkesmannen viser til motsegner knytt til dei andre utbyggingane i området. Vi legg til grunn at NVE vil gjere ei samla vurdering av naturverdiane langs Åkrafjorden og spesielt legg vekt

på dei regionale og nasjonale verdiane i fjellområda mellom Etne og Sauda. På denne bakgrunn rår Fylkesmannen ifrå bygging av Miljateig Skålnes kraftverk.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
miljøvernsjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Etne kommune	Postboks 54	5591	ETNE
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Egil Næsheim	Markhus	5590	ETNE
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen